

Kjell Underlid

FATTIGDOM OG HELSE – REFLEKSJONAR OG EMPIRISKE FUNN

Innleiing

Tittelen på denne artikkelen, *Fattigdom og helse*, er uvanleg ambisiøs. Det kan skrivast tjukke bøker om fattigdomsogrepet, om helseogrepet og om samanhengane mellom fattigdom og helse, og likevel risikerer ein at framstillingane vert overflatiske og ufullstendige.

Det er påvist dramatiske helseskilnader mellom ulike sosioøkonomiske grupper, i Noreg¹ og internasjonalt². Sjølv om dette er ein gradient som gjer seg gjeldande for heile folket, representerer dei fattige den ytterpolen som vert hardest ramma. I *Oslo-undersøkelsen* viste det seg til dømes at fattige menn på Oslo austkant i gjennomsnitt døydde 7,2 år tidlegare enn velstående menn på vestkanten i same by. Dei var også overrepresentert i nesten alle sjukdomskategoriar.

Avdi dette emnet er så viktig og relevant – fattigdom er det største og eldste av dei sosiale problema, og dei helsemessige konsekvensane av fattigdom er omfattande – er det eit markert behov for ytterlegare forskning og teoribygging på området. Eg skal i det følgjande gjere greie for ståstad, utviklingsposisjon, strategiske val og avgrensingar i mitt eige forskingsprosjekt.

Som sosialpsykolog var eg oppteken av *fattigdommens psykologi*, dvs. korleis fattigdom vert *opplevt* av dei fattige sjølve. Avdi eg forstår fattigdom som eit materielt fenomen – fattige er dei som mottek minst i den samfunnsmessige fordelinga av materielle gode – er eg ikkje oppteken av opplevingar som er frikopla og lausrivne frå den materielle situasjonen ved fattigdom; det er tale om *fattigdomsrelaterte* opplevingar. Difor vart materielle levekår kartlagt inngåande i studien, og desse vart relatert til opplevingar og vice versa. Men opplevingar ved fattigdom er også viktige i seg sjølv; fattigdommen sine menneskelege kostnader i eit land som Noreg er i stor grad av psykologisk karakter.

Det finst ulike måtar å få tilgang til opplevingar av fattigdom – ein kan (som i denne studien) t.d. samtale med fattige og få dei til å fortelje om opplevingane sine. Men ein kan også granske historisk litteratur, språk, skjønnlitteratur og ordtak og munnhell for å få ei forståing av den subjektive meining som fattigdom har hatt og har.³

Opplevingane av eigen fattigdom rører ved mental eller psykisk helse, og særleg kjensleladde opplevingar (som eg er spesielt oppteken av). Fokuset på mental helse inneber *ikkje* at eg ser bort frå fysiske helseproblem ved fattig-

dom; det er meir eit uttrykk for eigen fagleg bakgrunn. Det er elles kjent frå faglitteraturen at det er nære samanhengar mellom psykisk og fysisk helse. Sjølv om temaet for denne artikkelen er fattigdom og helse, må ein vakte seg mot eit syn som går ut på at fattigdom i seg sjølv er eit helseproblem. Fattigdom er eit sosialt problem som primært må forståast økonomisk, samfunnsmessig, sosialt, kulturelt og ikkje minst politisk, og kan ikkje reduserast til eit medisinsk, psykiatrisk eller psykologisk fenomen, sjølv om fattigdommen har medisinske, psykiatriske og psykologiske konsekvensar. I forståinga av og i møtet med dei fattige må ein også unngå medikalisierende, psykiatrisierende, patologiserande og psykologiserande perspektiv og praksisar – sjølv om fattige sine helseproblem må diagnostiserast og behandlast (på same måte som for alle andre). Difor må helsefokuset vere berre eitt av mange andre perspektiv og tilnærmingar i fattigdomsforskinga.

Opplevingar må heller ikkje forståast som det einaste legitime og relevante forskingstemaet i fattigdommens psykologi; frå ein sosialpsykologisk synsvinkel kunne ein like gjerne teke for seg t.d. verksemd eller *praksis* (individuell og kollektiv). Det var likevel opplevingar som vart valt som primær innfallsvinkel i dette forskingsprosjektet.

Med dette utgangspunktet – fokus på opplevingar av fattigdom – vert det naturleg å vende seg direkte til dei fattige sjølve – som på eit vis er dei eigentlege fattigdomseksperterane i så måte. I studien føretok eg lange og inngåande intervju med *langtidsmottakarar* av økonomisk sosialhjelp ved eit sosialkontor i ein bydel i Bergen. Dei fleste av intervjuarar, som strekte seg over eit halvt år ved overgangen til dette hundreåret, føregjekk i heimane til dei fattige. Til saman 25 sosialhjelpsmottakarar vart intervjuarar. Levekåra vart og kartlagt kvantitativt. Det er tale om eit djupneddykk i fattigdommens psykologi, med stor tematisk breidde, men med eit relativt lite antal respondentar.

Studien innebar også ein freistnad på å etablere *nærleik* til dei fattige og til fattigdommens «lukt og smak». Eit slikt nærleiksperspektiv og ein slik nærleikspraksis bør vere eit sentralt element i fattigdomsforskinga, men denne forfattaren vil også forsvare meir distanserte perspektiv og praksisar. Igjen bør det ikkje vere tale om anten – eller, men både – og. For nærare omtale av metodisk tilnærming, sjå Underlid⁴.

Den typen fattigdom som er granska i dette forskingsprosjektet kan kallast *relativ fattigdom i eit rikt velferdssamfunn*. Det er ein annan type fattigdom enn den absolutte og ekstreme fattigdommen som vi kjenner frå tidlegare tider og frå u-landa⁵. Slik fattigdom skil seg også frå den fattigdommen som ein kan observere i ghettoane i storbyar i rike kapitalistiske land som t.d. USA og Storbritannia. Slik fattigdom har blitt kalla «den moderne fattigdommen» eller «nyfattigdom»⁶. Generelt må fattigdom alltid forståast konkret – ut frå historisk, samfunnsmessig, politisk og kulturell kontekst. Dette gjeld også når ein skal analysere samanhengen mellom fattigdom og helse.

Empiriske funn

I analysen av det rikhaldige datamaterialet frå intervjua var det fire tema som utkrystalliserte seg, og som kan oppfattast som *essensar* i fattigdommens psykologi, i alle fall når det gjeld den typen fattigdom som vart studert og dei aktuelle kontekstane som slik fattigdom kan relaterast til.

Opplevd utryggleik

Respondentane kjende seg utrygge med tanke på framtida, og rapporterte at dei økonomiske problema medverka til slik utryggleik. Det var ein markert sprik mellom faktisk situasjon og slik dei gjerne skulle ønskt at det var på dette området. Dei økonomiske problema forverra fryktrelaterte plageområde: Bekymring eller uro, redsle eller angst, nervøsitet, indre uro og plutselig frykt utan grunn. Dei økonomiske problema medførte at mange kjende seg meir nervøse, redde, skjelvne og skremde. Respondentane sleit med økonomiske bekymringar.

Opplevd utryggleik ved fattigdom kan bli aktivert av *konkrete hendingar og livsrøynsler*. Det kan til dømes gjelde avslag på søknader om hjelp frå sosialkontoret. Kritikkk og irettesetjing frå sosialkontoret si side kan også skape utryggleik, og særleg når dette vert opplevt som urimeleg. Andre hadde fått tryggleikskjensla skaka av di dei hadde blitt offer for nitid kontroll. Sosialkontoret har til dømes tilgang til klientane sine kontoutskrifter. Fleire hadde opplevt å bli «straffa» for ekstraintekter ved at dei vart trekt tilsvarande frå sosialkontoret. Slik «byråkratisk logikk» vart ofte ikkje forstått av respondentane, og kunne verke skremmande, særleg når slikt kom uventa. Det er nesten noko bibelsk over dette – at dei som har lite, skal bli fråteke det vesle dei har.

Ymse forslag frå sosialkontoret, som kunne liggje i ei gråson mellom råd, krav, vilkår, direktiv og trugsmål, kunne skremme respondentane – til dels veldig. Dette kunne til dømes gjelde framlegg om å selje husvære, bil eller anna. Særleg for dei som hadde mindreårige barn kunne dette opplevast særst traumatisk. Somme fortalde om opplevingar av utryggleik i tilknytning til at dei hadde måtte kvitte seg med gjenstandar, til dømes musikkanlegg, fjernsyn, pynteting og arvegods. Å få telefonen avstengd på grunn av manglande betaling kunne vere ei skremmande oppleving. Inkasso og kreditorar var ord som hadde om lag den motsette effekten av ein Valium-tablett.

Opplevd utryggleik var også knytt til *utryggleiksskapande trekk ved livssituasjonen*. I motsetning til vanlege lønsmottakarar, som får løna si til faste tider utan å måtte føreta seg noko spesielt, er sosialstønadens behovsprøvd og noko som ein stadig må be og søke om. Og søknader om slik hjelp vert til dels vurdert ut frå skjøn, og dei kan bli avslått, redusert eller knytt til vilkår. Det vert mykje uviss venting og usikker «runddans». Respondentane fortalde om redsle for kontroll, ettersyn og for å bli «tatt». Andre kjende

seg rettslaus på sosialkontoret. Møtet med eit uoversiktleg, komplisert, fragmentert og til dels motstridande hjelpeapparat kan også gje opphav til at ein opplever utryggleik. Ofte kjendest sakshandsamarane lite tilgjengelege. Det er difor ikkje til å undrast over at mange kvir seg for å gå på sosialkontoret. Mykje vert opplevt som uføreseieleg i møte med sosialkontoret. Somme var redde for å møte kjende på sosialkontoret. Andre fekk aktivert skjemaskrekk, som kunne vere basert på ei kraftig emosjonell overbygning over eigen dysleksi, i samband med denne klientrolla.

Det er noko paradoksalt over all denne utryggleiken som repondentane fortel om i møtet med sosialkontoret. Denne instansen skulle jo nettopp skape tryggleik. Likevel opplevde mange av respondentane sosialkontoret som ei utrygg sone og som eit ringt tryggingsnett. På same tid er dei avhengige av sosialkontoret, dei må nytte dei tenestene som kontoret yter, og konsekvensane av å ikkje få hjelp herifrå kan vere fatale.

Som langtidsmottakar av økonomisk sosialhjelp er det vanskeleg å få låne pengar, dei har ikkje lov til å eige og sparing er uaktuelt av fleire grunner. Dei har såleis ikkje nokon pengereserve å møte ein «regnfull dag» med. Fleire var inne på kva pengane har å seie for tryggleiken. Men også materielle eigneluter, og særleg husvære, kan vere ei viktig kjelde til tryggleik. Busituasjonen til respondentane var ofte særst utrygg; huseigarane risikerte å måtte kvitte seg med husværet og leigebuarar hadde i mange tilfelle eit usikkert leigeforhold. Men også bumiljøa kunne vere prega av mykje utryggleik, til dømes kriminalitet. Somme hadde dessutan farlege buforhold. Også andre materielle eigneluter enn husvære kan vere ei viktig kjelde til tryggleik, og mangel på slike eigneluter, eller at ein risikerer å misse dei, kan avle utryggleiksopplevingar. Mange frykta at dei måtte kvitte seg med gjenstandar som dei var glad i. Formuessituasjon vart ofte trekt fram i samband med barna sine behov og interesser – på kort og på lang sikt.

Respondentane sleit også med gjeld – gjeld som uansett storleik praktisk talt var uhandterbar på grunn av dei små inntektene og fordi dei hadde vondt for å få utgifter og inntekter til å gå i hop. Gjelda kunne kaste lange skuggar og kjendest som ein «klamp om foten».

Dei levde under det som vart opplevt som eit knappleikstyranni. Det vart ein balansegang mellom utgifter og inntekter, og det var mange små «tuver» som truga med å velte «lasset», til dømes ei uventa rekning. Det er lite å «gå på» og livet vert som ein linedans. Slik økonomisk knappleik gjev opphav til «tankekøyr», utryggleik, sut og engstelege kjensler. Det kan også vere knytt utryggleiksopplevingar til sut for det daglege brød og for matmangel. Det tomme kjøleskåpet var tidvis ein realitet for somme. Kosthaldet vert lett skrøpeleg og usunt. Mange hadde vanskar med utgifter til helsevesen og medisin. I lys av slike tilhøve er det ikkje underleg at somme var inne på den tanken at fattigdommen kunne verke undergravande på deira eigne objektive interesser på lengre sikt.

Somme gav uttrykk for meir generelle og samansette utryggleiksopplevingar, og desse kunne bli omtalt i eit rikt metaforpråk, som symjetur med drukningsfare og fjellklatring der underlaget brått sviktar.

Svekt autonomi

Det var mangt respondentane heilt eller delvis ikkje hadde råd til: *a)* Erstatte utslitne møblar; *b)* ei vekes ferie utanfor heimen; *c)* gå på teater, konsert eller ballett; *d)* ete på restaurant, kafé e.l. minst éin gong i månaden; *e)* abonnere på ei dagsavis; *f)* reise på besøk til familie, vener og slektningar i andre kommunar; *g)* drive med hobbyar/fritidssyslar (ikkje i lags- og organisasjons-samanheng); *h)* utføre nødvendige reparasjonar eller vedlikehald; *i)* delta i lags- og organisasjonssamanheng; *j)* halde barna med like mykje lomme-pengar som jamaldringar; *k)* gå på kino; *l)* kjøpe nye, ikkje-brukte klede; *m)* bruk av alkohol eller tobakk; *n)* ha vener med heim til eit måltid eller selskap; *o)* ete fisk eller kjøt kvar andre dag; *p)* feire jul; *q)* ete ein skikkeleg sundags-middag kvar sundag; *r)* feire fødselsdagar; *s)* ete varm middag kvar dag; *t)* gje gåver ved fødselsdagar eller ved andre høve, *u)* halde bustaden passe varm. Det var variasjon her; somme hadde i større grad råd til slikt enn andre.

Respondentane vart såleis i stor grad hindra frå å ta del i aktivitetar, skikkar og gode som elles er vanleg i det norske samfunnet. Det er tale om mangelfull *sosial deltaking*, *sosial marginalisering* og *ekskludering*. Dei vart ofte hindra frå å gjere ting som dei likte, og måtte ofte gjere ting som dei mislikte, av økonomiske grunner. Dei økonomiske problema verka i stor grad passiviserande.

Respondentane opplevde også at dei økonomiske problema medverka til sprik mellom faktisk og ønskt situasjon på ei rekke ulike livsområde av psykososial karakter som rører ved autonomi. Slik økonomisk betinga *ideal-rolledeprivasjon* vart i større eller mindre grad identifisert på følgjande område: *a)* Oppleving av å komme vidare i livet; *b)* oppleving av å kunne planleggje livet sitt; *c)* oppleving av å drive med interessante ting; *d)* opplevd høve til å drive med ting som gjev ein glede; *e)* opplevd høve til å realisere livsmåla sine; *f)* oppleving av at ein i dagleglivet står fritt til å gjere som ein vil; *g)* kor stor del av tida som er fylt med ulike gjeremål; *h)* kunne gjere ting på sin eigen måte; *i)* opplevd høve til å lære nye ting eller tileigne seg nye dugleikar; *j)* kor fysisk aktiv ein er; *k)* oppleving av å få bruk for sine beste evner og dugleikar på det ein no driv med; *l)* oppleving av at det ein driv med er meningsfullt og nyttig; *m)* oppleving av at ein no gjer viktige ting, slik at andre legg merke til ein og respekterer ein for det ein gjer; *n)* oppleving av at verksemda som ein driv med, gjev resultat av verdi for ein sjølv eller andre; *o)* opplevd høve til å snakke med andre menneske og nyte samværet med dei; *p)* opplevd høve til å innverke på sin eigen og medmenneske sin livssituasjon; *q)* opplevd høve til diskutere problema sine med folk rundt seg når ein kjenner seg nedfor eller når noko plagar ein. Desse resultatata, som er

basert på faste spørsmål med faste svaralternativ, viser korleis pengemangel ved fattigdom rører ved psykososial behovstilfredsstilling over eit breitt spekter. Ein skulle dvele ved kvart punkt, og reflektere over den djupe menneskelege meininga som fattigdommen får; til dømes rapporterte samtlege bortsett frå éin at den vanskelege økonomiske situasjonen reduserte det opplevde høvet til å realisere egne livsmål. Frå ein mellomklassesynsvinkel kan det sikkert vere vanskeleg å fatte dei menneskelege implikasjonane.

Respondentane rapporterte om *konkrete hendingar* og viste til *spesifikke røymsler* i kontakten med sosialkontoret som vart opplevt som lite autonomistøttande eller beint fram autonominedbrytande. Til dømes vart mange søknader om hjelp avslått, stundom med fatale konsekvensar for livsutfolding. Avslaga kunne gjelde hjelp til å realisere livsprosjekt og å komme seg vidare i livet. Andre hadde blitt bedt om å kvitte seg med eigneluter som var viktige for sosial deltaking. Også mangelfull informasjon om rettar kan svekke sjølvstendet til sosialklientane. Mange opplevde avmakt, ulikeverd og audmjuking i møtet med sosialkontoret, som kan gjelde kontroll, avhengigheit og invadering av privatlivet. Somme trekte fram diagnostisering, klientifisering, patologisering og psykologisering som trugsmål mot autonomi og som eit slags disiplineringsmiddel. Sosialklientane vart også pressa inn i verksemdsformer som dei mislikte. Å måtte «slåst» mot eit stort og «firkanta» byråkratisk system kan vere døme på uønskt åtfærd som dei helst ville vore forutan. Sosialklientrolla inneber dessutan tiltak, arbeid for trygd og arbeidsmarknadskurs. Dette kan forståast som velmeinte hjelpetiltak, men vert ikkje alltid opplevt slik av brukarane av di det ofte er noko som dei ikkje har valt sjølve, men som er blitt pålagt som eit vilkår for å få sosialstønad. Tiltaksarbeidet kunne opplevast som meiningslaust, som urettferdig underordning og som utbytting. Også konsumentrolla, og uønskt åtfærd i samband med den, kan bli influert av sosialklientrolla. Å måtte handle på rekvisisjon vart opplevt som audmjukande.

Det vart også rapportert om opplevd autonomisvekking med omsyn til *inntektssituasjon og kjøpekraft*. Sosialstønaden er behovsprøvd og er av ulike grunner ei sær usikker inntektskjelde. Ein vanleg lønsmottakar kan leggje planar for framtida basert på ein nokså føreseieleg inntektssituasjon; sosialklientar er langt verre stilt i så måte. Dei har derfor langt mindre styring over sitt eige liv; dei er mindre autonome når det gjeld framtidsorientering. Sosialklientar kan nære draumar om ei lysare framtid, og har sjølv sagt sine ønske, voner og mål. Men slikt kan lett fordampe ved fattigdom, og resultatet kan bli motløyse.

Eit hovudkjenneteikn ved sosialstønaden er at inntektsnivået er sær lågt. Av di respondentane også levde i eit av dei dyraste landa i verda, som likevel bognar av eit veldig utval av varer i butikkane, opplevde dei knappleikstyranniet, som inneber ein økonomisk linedans der fallhøgda kan vere stor og marginane små; det er ei hårfin grense. Dette betyr innsnevra økonomisk

handlingsrom, eller autonomisvekking. Dette manglande handlingsrommet vart omtalt som ei oppleving av å kjenne seg «låst» eller «bunden på hender og føter». Det er eit liv med konstant «spinking og sparing» og nitid langtidsplanlegging der det vert investert mykje energi og kløkt. Alle forbrukarar, uansett inntektsnivå, må i større eller mindre grad prioritere. For respondentane i denne studien gjekk prioriteringa føre seg på eit sær s lågt nivå, og kunne såleis få ei anna meining enn andre former for prioritering.

Slikt knappleikstyranni inneber mange konkrete aktivitetsavgrensingar (noko vi alt har vore inne på), som vil ha ulike subjektive meiningar. For Ole (i 50-åra), med bakgrunn i borgarskapet, er det hardt å ikkje kunne nytte seg av kulturtilbod. Trine (i 30-åra) tykkjer at det verste er å ikkje kunne betale rekningane sine. Marit (i 40-åra) har helst dottera sine behov i tankane. For Steinar (i 30-åra) er det sær s vondt at han ikkje har råd til å drive med sine gamle friluftaktivitetar. Martin (i 30-åra) er flink kunstmålar, men pengemangelen hindrar han i slik kunstnarleg utfolding.

Økonomien kunne jamvel bli så dårleg at dei ikkje hadde råd til å bruke dei materielle eignelutene som dei hadde. Fleire opplevde at dei ikkje kunne unne seg skikkeleg mat. Andre hadde ikkje råd til å bruke helsetenester eller kjøpe medisin. Den økonomiske knappleiken ramma også sosial deltaking over eit breitt spekter. Pengemangelen ser ut til å vere ein passiviseringsfaktor, men også ikkje-materielle faktorar av psykologisk karakter, som i større eller mindre grad er forbunde med fattigdommen, kan spele ei viktig rolle i ein slik samanheng. Handlingsbarrierar eller passiviseringsfaktorar av slik natur kan vere mangel på overskot, at alle kreftene vert brukt til å overleve økonomisk, dårleg helse, låg sjølvtilit, depresjon, angst, tap av inspirasjon, manglande tru på eiga meistringsevne no eller i framtida, sosial isolasjon, tvil eller ambivalens. Det kan lett bli ein vond sirkel, der ein ikkje ser utvegjar, får «tunnelsyn» og ikkje orkar å tenkje på alt det vanskelege. Ein kjem inn i ein spiral og vert «låst» i sitt eige elende. Respondentane opplevde det uansett slik at ein ikkje kjem langt utan pengar i dagens samfunn. I den grad lags- og organisasjonsaktivitetar vert ramma, kan fattigdommen jamvel utgjere eit demokratisk problem.

Knappeleikstyranniet har ein psykologisk pris. Dei negative kjenslene som er knytte til knappleikstyranniet, kan bli kraftig intensivert i møte med materiell overflod og økonomisk meir heldigstilte personar. Refleksjonar over årsaks- og ansvarstilskrivning kunne influere på den kjenslemessige reaksjonen; om fattigdommen vert forstått som uttrykk for eigen svikt eller ei følgje av samfunnsmessige tilhøve.

Sosialklientar har altså ikkje pengeformue, dei har ikkje høve til å spare og det er i praksis ofte uråd å skaffe seg pengar via låneopptak. Den økonomiske autonomien deira er såleis vesentleg svekt samanlikna med folk flest. Ein konsekvens av dette er at det vert vanskeleg å planleggje for framtida når det gjeld sentrale livsmål. Når dei mangla mange av dei gjenstandane som

folk flest har i det norske samfunnet, kunne dette hemme dei i livsutfoldinga deira og vanskeleggjere innfriing av sentrale rolleforpliktingar, t.d. som foreldre. Dette kunne til dømes gjelde bil og datamaskin.

Sosialklientane opplevde også autonomisvekking med omsyn til *buisituasjon*. Dei eigde vanlegvis ikkje bustaden sin, og dei som var hus-eigarar kunne gå i konstant otte for å misse husværet. Som leigetakarar hadde dei ofte ein usikker buisituasjon, og buforholda kunne ofte vere så skrøpelege at dette avgrensa høvet til sosial interaksjon og sosial utfolding. Det var mange forhold som sette grenser for autonom sjølvutfolding i heimen. Dei kunne vere prisgjevne rigide reglar, eller det kunne vere særlydt. Det var smått med hage og romslege verandaer, hobbyrom eller kjellarstove å trekke seg tilbake til, eller gode rom der dei kunne lese i fred og ro eller more seg saman med kameratar utan at andre i hushaldninga vart innblanda i dette. Det er her tale om strukturelle barrierar som avgrensar utfolding i heimen. Også den «negative formuessituasjonen», gjeldsbøra, kunne svekke den personlege autonomien. Dei opplevde i mange tilfelle at dei ikkje hadde kontroll over gjeldssituasjonen sin – at dei ikkje hadde styring over sitt eige liv i så måte. Gjeldssituasjonen og gjeldshistoria kunne gje lite spelerom for dei i framtida. Gjelda kunne opplevast som eit «blylodd».

Somme av respondentane skildra opplevinga av autonomisvekking i generelle og samansette vendingar, og enkelte nytta metaforar for å kaste lys over opplevingane sine. Den tidlegare fjellklatraren samanlikna dette med ei steinhard rute i bratt fjell – med skrøpelege feste og dårleg klatretstyr. Fattigdommen vart også samanlikna med fengselsliv.

Sosial devaluering

Respondentane opplevde at dei vart sett ned på som fattige/sosialklientar; dei meinte at andre vurderte dei negativt. Dei kjende seg lite verdsett og respektert. Denne opplevinga bygde på ulike sosiale røymsler og slutningar.

For det første: Inntrykk av rådande syn på fattige som sosial kategori i samfunnet og direkte observasjon av kategorisk devaluering. Dei var medvitne om at dei høyrde til ein sosial kategori som vert negativt evaluert av folk flest. I dagleglivet vart dei stadig mint om sin låge og lite verdsette sosiale posisjon, t.d. i møte med sosialkontoret og i forbrukssituasjonar. Det vart vist til ein historisk arv kjenneteikna av eit negativt syn på fattige. Fleire var blitt kjent med slike negative holdningar i sin eigen barndom og oppvekst, og via direkte og førstehandsobservasjon har dei blitt kjent med negativ omtale av sosialklientar som sosial kategori. Fleire var medvitne om fattige si sosiale plassering nedst i klassehierarkiet. Dei hadde eit relativt godt kjennskap til rådande skjema og sosiale representasjonar i det samfunnet og den kulturen som dei var ein del av.

For det andre: Andre menneske sin trulege kjennskap til respondenten sin fattigdom. For at den enkelte respondenten skal kjenne seg negativt vurdert

som fattig/sosialklient, er det ikkje tilstrekkeleg at andre har ei negativ evaluering av fattige/sosialklientar som sosial kategori; andre må også ha kjennskap til at vedkommande høyrer til denne kategorien. Sjølv om mange prøvde å løyne kategorimedlemskapen sin, til dømes ved at dei kunne gje seg ut for å vere studentar, pensjonistar e.a., vil mange likevel ha kjennskap til fattigdoms- og klientsituasjonen deira. Tilsette i helse- og sosialtenesta vil vite om det, likeins andre i dei primærgruppene som dei høyrde til. Andre vil vite det eller lett kunne slutte seg til det ut frå det dei er blitt fortalt av respondentane sjølv eller andre, informasjon om at ein ikkje er i arbeid eller under utdanning, men likevel må ta imot ei eller anna form for inntekt ut frå forbruket som ein har, at ein er blitt observert på veg til eller frå sosialkontoret, har openberr livsstilsdeprivasjon, bur i kommunalt husvere el.a. Andre menneske sine aktuelle skjema, sosiale representasjonar, fordommar og stereotypiar vil kunne støtte opp under slike slutningar; dei vil også hente si næring frå andre prosessar knytt til sosial kognisjon og tenking, nemleg sosial kategorisering og tilskrivning av årsak og ansvar (attribusjonsteori).

For det tredje: Makt og avmakt, ulikeverd, ressursallokering, relativ deprivasjon og sosial marginalisering. Dette gjeld respondentane sin sosiale situasjon, slik han vert opplevd av dei sjølve. Respondentane opplevde avmakt i møte med tilsette på sosialkontoret, og fleire meinte at dei vart utsett for vilkårleg skjøn. Dei visste ikkje kva som vart utfallet av søknaden, og stønad vart ofte avslått, redusert eller knytt vilkår til. Det vart også rapportert om manglande resiprositet i møte med sosialkontortilsette, og enkelte opplevde ulikeverd i samband med arbeid for trygd. Dei vart pålagt å utlevere seg, dei kunne oppleve at privatlivet deira vart invadert, og dei kunne kjenne seg utsett for detaljkontroll. Enkelte opplevde at dei legitime rettane deira som samfunnsborgarar vart krenkt i møtet med sosialkontoret, og også meir allment – i roller som låntakar, sparar og eigedomseigar. Meir allment opplevde dei at dei hadde mindre tilgang til gode enn andre samfunnsmedlemmer. Respondentane kunne også oppleve at dei ikkje hadde råd til aktivitetar som kunne gje vørndnad. Fleire var medvitne om at heimen og strøket kanskje ikkje var av beste slag. Dei var også generelt merksame på pengane si rolle i samband med vørndnad i vårt samfunn. Personlege eigner har ein viktig sosial og symbolsk framvisingsfunksjon som definerer kven ein er sett i forhold til den sosiale omverda og er del av det utvida sjølvet.

For det fjerde: Eiga åtfærd som er uønskt, og som impliserer låg sosial posisjon og lite vørndnad. I motsetning til vanlege lønsmottakarar og trygda må sosialklientar søke om behovsprøvd stønad via det dei ofte opplever som ein audmjukande kanossagang der dei må vere i kontakt med eit komplisert og ofte lite imøtekommande byråkrati. Dei opplevde at dei ofte måtte be, tryggle, kanskje truge, og enkelte kjende seg som tiggjarar. Den låge sosiale posisjonen deira kunne også bli kommunisert via urimeleg mykje venting på

sosialkontoret. Handling på rekvisisjon vart opplevd som audmjukande, og dei kjende seg sett i ei sosial knipe. Dei opplevde ofte rolla som konsument som sosialt degraderande, og dei opplevde at dei kom til kort i forhold til vanlege forbruksstandardar. Fleire opplevde audmjuking i samband med handtering av inkassokrav og mislikte å måtte utlevere seg på offentlege kontor. På same måte som vi i følge Bem⁷ sin teori om sjølvpersepsjon har ein tendens til å slutte oss til våre eigne holdningar ved å sjå på vår eiga åtferd, kan ein også tenkje seg at vi sluttar oss til kva slags holdningar andre har til oss ut frå sjølvobservasjon av vår eiga åtferd og omstenda kring denne, anten andre faktisk er til stades eller ikkje.

For det femte: Åtferd frå andre som impliserer devaluering. Fleirtalet av respondentane kjende seg dårleg behandla på offentlege kontor, særleg sosialkontoret. Dei rapporterte om ei ovanfrå-og-ned-holdning der dei kjende seg behandla som eit null og som sosialt mindreverdige, og dei opplevde ein gniarmentalitet, maktdemonstrasjonar, spydige, flåsete og sårande merknader, strengheit, mistenkjeleggjering, manglande engasjement, motarbeiding, låtteleggjering, klagemål, stakkarsleggjering, manglande forståing, insensitivitet og individuell skuld- og ansvarstilskrivning. Ingen opplevde alt dette, somme hadde opplevd lite eller inkje av slikt, men eit fleirtal hadde altså opplevd noko av ovanfornemnde. Sjølv om utgangspunktet for den opplevde disrespekten og omsorgssvikten kunne verke bagatellmessig, kunne dette bli oppfatta som uttrykk for vanvørnads. Dei negative holdningane som vart opplevd, vart kommunisert verbalt, ikkje-verbalt (med blikk, kroppsholdning, røyst, tonefall o.a.) og via åtferd (manglande oppfølging, venting o.a.).

Truga sjølvbilete og sjølvvørnads

Den siste essensen i fattigdommens psykologi er truga sjølvbilete og sjølvvørnads. Av di ein del av denne problematikken alt har blitt tangert, og av plassomsyn, vil eg nøye meg med å oppsummere hovudfunna. *a)* Respondentane var medvitne om sine økonomiske problem og sin fattigdomssituasjon, som vart persipert nokså nøyaktig, og opplevingane av å ha økonomiske problem vart forsterka i ulike situasjonar. *b)* Dei var merksame på at dei var monaleg verre stilt økonomisk enn relevante samanlikningsgrupper, og at dei ikkje levde opp til sine eigne og andre sine forventningar i så måte. *c)* Respondentane plasserte seg nedst i klassehierarkiet, og prøvde å forsvare seg psykologisk mot ei slik erkjenning. *d)* Dei persiperte si eiga åtferd som uttrykk for sosialt mindreverd. *e)* Respondentane kjende seg negativt behandla og vurdert av dei sosiale omgjevnadene. *f)* Fattigdommen førte til at dei vurderte seg sjølve meir negativt. Sentrale årsaker til denne sjølvdevalueringa ligg i punkta over. *g)* Fattigdommen sin grad av psykologisk sentralitet og bruk av psykologisk selektivitet spelar ei viktig rolle for korleis dei fattige oppfattar og vurderer seg sjølve. *h)* Resultata viser elles at sjølvrelaterte

fattigdomsopplevingar er mangefasetterte, og at det er mange og varierte ruter frå materiell fattigdom til subjektiv livsverd. Kva for fattigdomsrelaterte forhold som er utgangspunkt og objekt for slike opplevingar, kan ofte vere noko uklart, og dette varierer også mykje. Det kan vere generell fattigdomssituasjon, inntekt, eigneluter, livsstilsdeprivasjon, klientstatus o.a. Men det materielle sjølvet er i alle fall ein sentral basis for opplevingane.

Oppsummering og sluttord

Hovudfunna i denne studien kan oppsummerast i to konklusjonar.

For det første: *Relativ deprivasjon i rike velferdssamfunn medfører tendensielt opplevingar av a) utryggleik, b) autonomisvekking, c) sosial devaluering og d) truga sjølvbilete og sjølvvørdnad.* Uttrykt meir folkeleg, men noko mindre presist: Fattige kjenner seg utrygge, ufri og ærelause i eigne og andre sine auge.

For det andre: *Slik fattigdom medfører tendensielt aktivering av a) aggressive, b) engstelege og c) depressive kjensler og d) skam- og skuldkjensler.* Uttrykt meir folkeleg, men noko mindre presist: Fattigdom «produserer» sinne, redsle, tristheit og skam- og skuldkjensler.

Dette utgjør den psykologiske *essensen* ved slik fattigdom. Det finst sjølv-sagt langt større nyanserikdom i dette biletet enn det eg har hatt høve til å formidle i denne artikkelen; eg viser i denne samanheng til boka *Fattigdommens psykologi*³. Eg har her lagt hovudvekta på å skildre det ein kan kalle *fattigdommen sin psykologiske pris*. I boka vert funna tolka og drøfta ved hjelp av behovs- og emosjonsteori. Dette er likevel ei utilstrekkeleg tolkingsramme; resultatane må også forståast ut frå *sosiokulturell kontekst*.

Respondentane i denne studien budde i ein bydel i ein storby i Noreg og vart intervjuet ved overgangen til eit nytt hundre- og tusenår. Noreg er eitt av dei rikaste landa i verda og har i fleire år blitt kåra av SN som det beste landet i verda å bu i basert på sosial velferd.

Men sjølv om Noreg har relativt godt utbygde velferdsordningar, har dei sosioøkonomiske skilnadene dei siste tiåra vore vekksande, og velferda har blitt svekt for dei svakaste⁸. Noreg er også eit dyrt land å leve i; prisane på basisvarer som husvære og matvarer er blant dei høgste i verda. Det er, som andre kapitalistiske samfunn, eit *pengesamfunn* der nesten alle gode har ein prislapp, også mange velferdsgode som tidlegare var gratis. *Kommersialisme* (system der økonomiske interesser dominerer), *materialisme* (for ein diskusjon av omgrepet, sjå Belk⁹ og Fournier & Richins¹⁰) og *konsumerisme* (for ein diskusjon av omgrepet, sjå Bauman¹¹ og Edwards¹²) er blitt kjenne-teikn også ved det norske samfunnet¹³.

Respondentane i dette utvalet levde like over og under det som er den offisielle fattigdomsgrensa i EU-landa, det vil seie 60 prosent av den nasjonale medianinntekta (i Noreg har ein stundom operert med 50 prosent

som ei uoffisiell fattigdomsgrense). Dei levde under eit knappleikstyranni¹⁴, og ein stor del av inntekta går med til å dekke utgifter til mat og andre nødvendige utgifter til livsopphald.

I eit slikt samfunn, der nesten alle livsområde er blitt kommersialisert, og der pengane er blitt det universelle bytemiddelet, vert pengar ein overordna og ultimativ tryggleiksfaktor og pengemangel ein overordna og ultimativ utryggleiksfaktor. Pengar sikrar ikkje berre tilgang til basisvarer, men også til slike aktivitetar og materielle gjenstandar som elles vert rekna som normale og attråverdige i det norske samfunnet. Ei hovudforklaring på den utryggleiken som dei fattige opplevde, ligg altså i at pengane har ein så grunnleggjande verknad for livsutfalding og det gode liv, medrekna sosial tryggleik (for ein diskusjon om kva rolle pengar spelar, sjå Galbraith¹⁵ og Belk & Wallendorf¹⁶). Dei sosiale støtteordningane kan nok lindre den verste naudaa, men er likevel utilstrekkeleg til å hindre knappleikstyranniet og opplevd utryggleik.

I eit slikt samfunn er pengar også ein overordna og ultimativ autonomifaktor og pengemangel ein nokså ultimativ autonomidrepar. Med så låg inntekt som respondentane hadde, vert det vanskeleg, ofte umogeleg, å få tilgang til slike aktivitetar og materielle gjenstandar som elles vert rekna som normale og attråverdige. Ei hovudforklaring på den autonomisvekkinga som fattige opplever, ligg altså i at pengane er så avgjerande for utfalding og det gode liv. Pengar er ein viktig behovstilfredsstillar¹⁷ som også er kateksert (dvs. som har verdi- og kjensleladning). Dei sosiale velferdsinstitusjonane og velferdsordningane kan nok lindre den verste naudaa, men er ikkje tilstrekkelege for å hindre autonomihemming og -tap. Etersom individualisme, fridom og autonomi er blitt høgt verdsette og dominerande verdiar i det norske samfunnet i nyare tid¹⁸, er det grunn til å tru at fattige som ikkje maktar å leve opp til desse verdiane, vil oppleve dette som ei mental påkjenning.

Gjeve ein slik kontekst som er omtalt over, prega av kommersialisme, materialisme og konsumerisme, vert pengemangel også ein overordna og ultimativ vørnadsfaktor og pengemangel ein nokså overordna og ultimativ vørnadsdreparsom ein ikkje kan definere seg inn i og bli kategorisert som medlem av ei gruppe der dette er mindre relevant, og der ikkje-materielle verdiar tel meir. I eit samfunn av konsumentar, der livsprosjekt vert bygd opp av konsumentval, kjem fattige til kort – dei vert defekte konsumentar¹⁹.

Forstått ut frå eit perspektiv som vi kan kalle *fattigdommens politiske økonomi*, er det dei fattige som mottek minst ved fordelinga av gode, fordelar og ressursar i samfunnet. I og med at dei objektivt vert tildelt minst av verdiar, er det kanskje naturleg at somme av dei kan trekke den logiske slutningen at dei også *er* minst verdt.

Pengar har som tidlegare nemnt, ei rekke ulike funksjonar og er gjennomsyra av symbolisme og psykologiske meiningar, til dømes når det gjeld

suksess/nederlag, sosial akseptabilitet/uakseptabilitet, makt/prestisje o.a. Mange av dei materielle eignelutene våre vert brukt som praktiske hjelpemiddel for å gjere dagleglivet lettare og meir komfortabelt. Men dei har også symbolske, ekspressive og kommunikative funksjonar. Både individet sjølv og dei sosiale omgjevnadene bruker materielle eigneluter for å identifisere, definere, kategorisere og samanlikne individet med andre²⁰, og dei er såleis viktige for personleg og sosial identitet. Forbrukarar definerer seg, og vert definert av andre ut frå formelen: Eg er = Kva eg har, og kva eg forbruker²¹. Fattige manglar høgstatusymbol, og mange av eignelutene deira (særleg heimen) kan kommunisere låg sosial status. Det finst sosialt delte overtydingar om kva gjenstandar har å seie som identitetsmanifestasjonar. Dette er symbolsk realitet og eksisterer i det enkelte individ som inkorporert kultur²². Materielle eigneluter inngår i det utvida sjølv²³, og meir spesifikt det materielle sjølv²³, og har såleis noko å seie for sjølvpersepsjon og sjølvevaluering.

Det har blitt hevda at psykologar nokså systematisk har unnlate å ta føre seg to emne som rører ved livet til menneske under kapitalismen på ein sær grunnleggjande måte, nemleg pengar og makt. Eg har vore ein del inne på kva *pengar* – og pengemangel – har å seie i ein fattigdomssamanheng. Men fattigdom handlar også om *makt* – og avmakt. Av di fattigdom er eit svært alvorleg sosialt problem som er menneske- og samfunnsskapt, er det viktig å mobilisere kollektive motkrefter i striden for eit meir rettferdig og egalitært samfunn utan fattigdom. Difor bør maktaspektet, som berre så vidt er blitt tangert i denne artikkelen (i alle fall direkte), utforskast nærare i fattigdommens sosialpsykologi. Såleis vert fokuset vridd frå fattige sin posisjon som lidande offer og objekt til fattige qua subjekt og aktørar. Sosial rørsleteori²⁴ kan tene som eit teoretisk ankerfeste for eit slikt forskingsprosjekt. Fattigdom er i seg sjølv eit preskriptivt omgrep²⁶ – både i moralsk og politisk meining – det kallar på handling og tiltak. Sjølv om fattigdommen har ein høg og alvorleg psykologisk pris, har fattige også *ressursar* som kan mobiliserast i kampen for eit fattigdomsfritt samfunn. I ein slik strid treng fattige mange og gode allierte.

NOTER

- 1) Sosial- og helsedepartementet. *Folkehelse rapporten, Oslo 1999.*
- 2) G.D. Smith (ed.), *Health approaches.*: The Policy Press, Bristol 2003.
- 3) Kjell Underlid, *Fattigdommens psykologi. Oppleving av fattigdom i det moderne Noreg.* Det Norske Samlaget, Oslo 2005.
- 4) Underlid, *Fattigdommens psykologi*, op.cit.
- 5) E. Øyen, S.M. Miller & S.A. Samad, (eds.). *Poverty. A global review. Handbook on international poverty research.* Scandinavian University Press, Oslo 1996.

- 6) Steinar Stjernø, *Den moderne fattigdommen*. Universitetsforlaget, Oslo 1985.
- 7) D.J. Bem, Self-perception theory. I L. Berkowitz (ed.), *Advances in Experimental Social Psychology*. Vol. 6. Academic Press, New York 1972.
- 8) Berge Furre, *Norsk historie 1914-2000. Industrisamfunn – frå vokstervisse til framtidstvil*. Det Norske Samlaget, Oslo 2000.
- 9) R.W. Belk, Materialism. Trait aspects of living in the material world. *Journal of Consumer Research*, 12, 1985, 265-280.
- 10) S. Fournier & M.L. Richins. Some theoretical and popular notions concerning materialism. *Journal of Social Behaviour and Personality*, 6, 1991, 403-414.
- 11) Z. Bauman, *Work, consumerism and the new poor*. Open University Press, Buchingham 1998.
- 12) Edwards, T. (2000). *Contradictions of consumption*. Buchingham: Open University Press.
- 13) O. Hellevik, *Nordmenn og det gode liv. Norsk monitor 1985-1995*. Universitetsforlaget, Oslo 1996.
- 14) Stjernø, *Den moderne fattigdommen*, op. cit.
- 15) J.K. Galbraith, *Money, whence it came, where it went*. Houghton Mifflin, Boston, 1975.
- 16) R.W. Belk & M. Wallendorf . The sacred meanings of money. *Journal of Economic Psychology*, 11, 1990, 35-67.
- 17) L. Doyal & I. Gough. *A theory of human need*. The MacMillan Press Ltd, London, 1991.
- 18) Hellevik, *Nordmenn og det gode live*, op.cit.
- 19) Baumann, *Work, Consumerism and the new poor*, op.cit.
- 20) H. Dittmar. *The social psychology of material possessions: To have is to be*. Harvester Wheatsheaf, Hemel Hempstead, 1992.
- 21) E. Fromm, *To have or to be?* Penguin, Harmondsworth 1978.
- 22) Dittmar, *The social psychology of material possessions*, op.cit.
- 23) R.W. Belk, Possessions and the extended self. *Journal of Consumer Research*, 15, 1988, 139-168.
- 24) A.D. Morris, & C.M. Mueller, (eds.) *Frontiers in social movement theory*. Yale University Press, New Haven, 1992.